

Foreldreinfo september 2020



Miljøfyrtårn®

Vikeså skule arbeider med å bli miljøfyrtårnsertifisert. Det inneber å ha eit kontinuerleg fokus på HMS, klima og miljø. Me syns det er naturleg at me skal setja eit godt førebilete for elevane ved å ha dette fokuset. Dei nye læreplanane legg og opp til meir og breiare fokus på bærekraft og miljø. Beintøftaksjon, søppelplukking, batterijakt mm. er aktivitetar me allereie gjer. No blir det sett i system.

Me er første offentlege eining i kommunen som gjennomfører dette, på sikt er planen at fleire skal henga seg på. Forhåpentlegvis får me gjennomføra klimaveka denne hausten, og me håpar sertifiseringa kan vera klar til då.

Innsamlingsaksjon

Våren 2021 skal skulen ha innsamlingsaksjon slik me plar kvart 3. år. Me må avventa å sjå i kva format me får gjennomføra denne, då smittevern framleis kan vera på gult nivå til våren. Om de heime har gode idear til aktivitetar elevane kan gjera for å samla inn pengar, må de ikkje vera redde for å dela desse. De vil få meir info når det nærmar seg.

TEMADAG

Me har elevar med ulik språkleg bakgrunn på skulen, og dette ville me setje fokus på og feira! Derfor har me gjennomført fagdag om språk og identitet. På skulen vil de sjå at me har fått ein ny velkomstvegg ved hovudinggangen på ungdomsskulen.



Nasjonale prøver

5., 8. og 9.trinn har alle gjennomført nasjonale prøver i lesing og rekning. 5. og 8.trinn har og gjennomført i engelsk. Me er spent på resultatane, og vil arbeida vidare med desse når dei er klar.

Side med mange gode tips til føresette for skulebarn og ungdom (trykk på biletet):




Bufdir

FAU
Foreldrerådets arbeidsutvalg

- Referat frå FAU møte den 16.09 finn de [her](#)
- FAU leiar for 2020-2021 er Kari Hilde Hellestø

Nokre har kanskje lest intervjuet med politikontakt Svanhild Wetteland Skaara i DT. Politiet har vore i kontakt med skulen og bedt seg inn i midttimane for å kunne prata med ungdommane i fredstid, og ufarleggjera kontakten med politiet som etat. Eit flott tiltak som skulen har stilt seg positive til!

Det treng ikkje kosta mykje for å bety mykje:



Med ønske om ein fin haustferie i veke 41 og gode heim-skulesamtalar i oktober!

Svanhild Gjedrem

Rektor

